Og så står dei der i døra til Skjenkjestova, den brune store døra, og Åsgaut går inn og Olav går inn han òg og så står dei der begge i den lange gangen, med brune store stokkar liggjande oppå kvarandre, og Åsgaut byrjar å gå innover i gangen og så går Olav etter han og heile tida held han fast om armbandet i lomma, og dei kjem inn, og alt er som før der inne, berre at det no ikkje er nokon å sjå, jo der, der ved eit bord sit Gamlingen, sjølvsagt måtte han vera der

+

*6=F* Men der er du jo

← **Eg visste at du ville koma, eg har venta på deg, eg**

**Eg tvilte aldri på at du ville koma attende**

**Og eg hadde rett**

**Du veit kva eg veit, gjer du ikkje, du Asle**

+

*F= Ju* og han legg hovudet litt attover og ser skrått opp mot Olav, med

← plirande augo

6 **Du veit kva eg veit**

0 **Eg, eg trur eg må gå**

Å **Men seidelen din då, du har jo ikkje drukke ut,**

**du har så vidt smakt på seidelen**

**Men ta deg no ein god slurk til**

+

og Olav lyfter seidelen og drikk så mykje han klara kan og så rekkjer

han seidelen til Åsgaut og seier at han må gå, han kan ikkje vera her

lenger

+

6 **Men venta, venta**

**Du må passa deg, pass deg, pass deg**

+

**No er du åtvåra**

SCENE 6

og Olav opnar døra og han går bortover den lange mørke gangen og

han går ut og så står han i gata utanfor Skjenkjestova og han tenkjer

at kvar skal han vel no gjera av seg, det er ved å kvelda og

han må finna seg ein stad å sova. I eit vindauga like ovanfor seg ser

han ei gammal kone stå og sjå ut, ho har langt grått tjukt hår og ho

står halvveges løynd av ei gardin, men ho står der nok berre og ser og

ser, ho, tenkjer Olav, ho driv nok ikkje og ser etter han, tenkjer han

+

6 **Du**

**Du ser meg ut som om du kan trenga til husvære**

**Stemmer ikkje det**

## Svara no

### Eg ser det på deg eg

F=D?  
Lange?  
( )  
F=J=S  
O

og Olav seier at han ikkje for vel kan nekta for det nei og ho seier at om han husvære treng skal han bli med henne, så skal nok det ordna seg, seier ho og han tenkjer at han får vel freista og så går han bort til henne og ho snur og går inn døra ho står framføre og så ser han henne gå opp ei trapp og han går opp etter henne og han høyrer henne pusta seg opp trappa og innimellom andedraga seier ho at plass for natta det skal ho skaffa han, ja, og dyrt skal det heller ikkje bli for han, nei, og då ho er opp trappa komen stansar ho og står der og dreg etter anden og han stansar i trappa og ho opnar og går inn ei dør og han går opp og han går inn etter henne og han ser at det no står ei jente med langt lyst hår og ser ut vindauga og Gamla går bort til henne og ho stiller seg opp attmed henne og så høyrer han Gamla seia at der går han endeleg ut frå Skjenkjestova og då spørst det vel om han har vit til å koma seg heim og Jenta ho snur seg mot Olav og han ser at det er henne han trefte før i dag, ho som tok han i armen og som førde han inn i eit smau, henne er det

### Eg kjenner han eg

Berre så du veit det

Du har setel

+

og ho går og legg armen kring ryggen hans og Gamla ristar på hovudet og så lener Jenta seg inntil han og ho kysser han på kinnet

+

61 Nei driv du på slik

1 og Jenta sleikjer seg fram til munnen hans og ho kysser han og  
pressar seg inntil brystet hans, tek begge hendene sine ned på bak-  
enden hans og pressar seg inntil han

611 **Nei at eg skal måtta sjå på slikt**

**Du, du, du mi eiga dotter**

**At du grisar deg til slik**

+

Nei dette går ikkje, tenkjer Olav og han tek tak i armane til Jenta og  
gjer seg fri og ho tek atter armane og legg dei rundt han og så stryk  
ho han på ryggen og han går bort frå henne og ho seier nei du, du din  
fyr, du er heilt fæl, du er den verste fyren i heile Bjørgvin, ingen er  
verre enn deg seier ho

SCENE 6B (spelast-dei ryddar mikrofon- og notestativ)

611 **Nei, nei, nei kva skal ikkje råka ein av ulukke**

**nei alt er fælt**

f Var du så mykje betre då du var ung

611 **Kva veit du om det**

f **Kva eg veit, eg veit det eg veit, eg skjønar det eg skjønar**

**det er ikkje han, han der som bur her som er far min, så mykje**

**det veit eg**

611 **Og har eg sagt det**

f **Så kven som er far min, nei det veit du ikkje**

611 **Eg har sagt kven eg trur det er**

f **Og du kjeftar på meg**

**noko så toske, klaga på si eiga dotter når ho ikkje har vore betre**

**sjølv**

NB  
noter

This music is copyright protected

67 Eg ville då sjølvsagt at dottera mi skulle få eit betre liv enn eg sjølv har hatt  
du må ikkje skusla deg bort med ymse menn for lite og inkje  
ja, ja det har eg gjort sjølv og kor lite har eg no att for å ha gjort  
det, ingenting, ingenting har eg att, berre skamma  
kanskje er det vel og bra, på sitt vis, så lenge det varer  
men varer det gjer det ikkje, ikkje før nærmar ein seg åra då ein  
trygt kan gjera det ein vil, så er det over  
ja, ja over, av di ingen lenger vil byda på noko, slik er det  
slik går den songen

f Sjølv sagt er det slik og då får ein vel nytta på medan ein kan og  
har høve, vel

men no orkar eg ikkje å høyra meir på snakket ditt

*(Jenta stiller seg opp framføre Olav og opnar kjolebrystet sitt og holdt held brysta sine fram mot han)*

67 Nei no går det for vidt  
byda seg slik fram

f Au gje deg

67 Du skal gje deg

f Di hore, di hore

67 Hore seier du

f Hore hore

67 Din jækel, din jækel

det er takka, du din jækel

ut, ut, ut frå mitt hus

ut di hore, ut

ta tinga dine med deg og gå



## No, med det same, UT

### SCENE 6C

(Og så ser Olav at Jenta åpner døra og går ut) og så står Gamlingen der i døra og han blir berre ståande og så ser han mot Olav og Gamlingen seier at kva i alle dagar gjer no vel han der, for han har då vel ikkje noko i hans husvære å gjera, no skal han gå og henta Lova og så får ho ta seg av han, for Lova har nok mykje å snakka med Asle om, seier han og så står Gamla der og ho seier til Gamlingen at nei, seier han det, kva var no det, kva gale hadde Asle vel gjort, seier ho og Olav går mot døra og Gamlingen grip i dørkarmen med begge hender og så står han der og sperrar døra

6 Slik går det med slike som deg, du Asle  
Drepar du er  
Du har drepe, eg veit det nok  
Og den som drep, han skal sjølv drepast  
Det er Lova, det er Guds lov  
Så du heiter Olav du ja

D: Olav ja

6 Olav var det du heitte  
Olav

D: Ja

6 Og kva tid byrja du så å heita det

D Det er døypenamnet mitt

6 No trur eg du skal bli med meg

NB  
noter

This music is copyright protected

**Kvifor skal eg gå med deg**

**Det skal du snart få vita**

**Eg vil vita det før eg blir med deg**

**Nei det beste er vel at vi ventar til Lova kjem**

**Du er ung og sterk og eg er gammal**

**Veit du kva som no ventar deg**

**Nei, nei det gjer du nok ikkje**

**Du gjer ikkje det nei**

$F=0?$

og så tek det i døra og så ser Olav at det står ein kar der på hans eigen  
alder og han er svart i kledda og bak han att står ein kar til, om lag på  
same alder, og han òg er svart i kledda

**Der har de han**

**Slik enda det med han der Asle frå Dylgja**

Og dei to karane fører han ned trappa og ut på gata og raskt går dei  
nedover gata, ein kar på kvar side av han, og begge held fast i armen  
hans og ingen seier noko og han tenkjer at det beste er vel om han  
ikkje seier noko og der framme ser han Jenta stå og ho seier at nei,  
nei er det deg, er det du som går der så fritt og fint, nei det var no  
verkeleg kjekt å sjå deg att, seier ho og så lyfter ho eine armen og  
held han fram og der, på armen hennar, der heng det fine armbandet,  
det finaste armbandet i gulaste gull og med dei blåaste blåe perler  
heng rundt armen hennar og ho blir ståande der med armen heva og  
så vinkar ho til Olav og ho smiler til han, nei, nei, tenkjer han, ho har  
stole armbandet, ho må ha vore med handa si nede i lomma hans,  
tenkjer han, og det, det som skulle ha vore på armen hennar Åsta og

han lèt att augo og han lèt dei to karane føra seg kvar dei vil og han vil ikkje opna augo og han går jamt framover og kvar er no Åsta, kvar er no vesle Sigvald, kvar er Åsta og vesle Sigvald, tenkjer Olav og han går jamt, heilt jamt framover, med augo attlatne



**NB**  
noter

*This music is copyright protected*



II - Ruth  
 III - Anders  
 IV - Svein

$\frac{1}{2}$  - pause  
 $\frac{1}{4}$  - lang pause

SCENE 7

I (synger): og så ser han Åsta stå der  $\frac{1}{2}$  framføre han  $\frac{1}{2}$  med vesle Sigvald mot brystet  $\frac{1}{4}$  der utanfor huset i Barmen står du  $\frac{1}{2}$  du gode Åsta

II (synger): du godaste Åsta

III (hviske): og så ser han Åsta stå der  $\frac{1}{2}$  framføre han  $\frac{1}{2}$  med vesle Sigvald mot brystet  $\frac{1}{4}$  der utanfor huset i Barmen står du  $\frac{1}{2}$  du gode Åsta

IV (hviske): du godaste Åsta

I	Åsta	du gode Åsta	Alida	du godaste	Åsta
II	Åsta	du gode Åsta	Alida	du godaste	Åsta


III (tale): og så høyrer han seg seia at det kanskje er best om dei frå no av seier at han heiter Olav og ikkje Asle, og Alida spør kvifor det og han seier at han berre trur at det må vera det rettaste, og det

IV	Åsta	du gode Åsta	Alida	du godaste	Åsta
----	------	--------------	-------	------------	------



I	du gode	Åsta		(synger): Og eg er Åsta,		og ikkje Alida	
II	du gode	Åsta		(hvisker): Og eg er Åsta,		og ikkje Alida	
III	tryggaste, om nokon skulle vilja ha fatt i dei av ein eller annan grunn		(synger): Så no er eg Olav,		og ikkje Asle		
IV	du gode	Åsta	(hvisker): Så no er eg Olav,		og ikkje Asle		

I		Åsta		og ikkje Alida		Du Olav du		Olav		Vik
II		Åsta		og ikkje Alida		Du Olav du		Olav		Vik
III	Olav		og ikkje Asle			Du Åsta du		Åsta		Vik
IV	Olav		og ikkje Asle			Du Åsta du		Åsta		Vik



STARTE DYPT → GLISS. OPP.

I Åsta og Olav Vik

II Olav og Åsta og vesle Sigvald Vik

III Åsta og Olav Vik

IV Olav og Åsta og vesle Sigvald Vik

Vik

Olav og Åsta og vesle Sigvald Vik

Vik

Olav og Åsta og vesle Sigvald Vik

Slik

Slik

Slik

Slik vart det

Du og eg skal klara oss

Du og eg

Du og eg

Du og eg

Du og eg

Du og eg

Du og eg og vesle Sigvald

Du og eg

I Åsta

II Åsta og Olav Vik

III Åsta

IV Åsta

Alt går godt

Alt

Alt

Alt

Alt

Alt

Alt

Alt går godt

Alt

Alt går godt

Alt

Alt

Alt

Alt

Alt går godt

Alt

REP.

Alt

Alt

Alt

Alt

gliss. opp.



I/II Fort! (Vibrato)

III (tal); og så seier han at han ein av dagane må gå seg ein tur til Bjørgvin, han har ærend der, seier han og så seier Olav at han kanskje skal gå inn til Bjørgvin alt i dag og at han skal koma attende så fort

IV tur sffz/p

III han berre kan, kjø sffz/p skal han skunda seg slik at han fort

IV fort! han skal kjøpa det han tenkjer å kjøpa og så skal han koma attende til henne med det han har kjøpt, han skal skunda seg, alt han berre kan


I fort! og Åsta seier at ja det er vel sant som han seier, men då må han lova henne ikkje eingong å sjå på jentene der i Bjørgvin og


II ikkje sjå sffz/p


III kjem attende til henne og til vesle Sigvald

IV fort sffz/p

I aldri må han gje seg i snakk med dei, for dei jentene dei har berre eitt i tanken,

ikkje <sup>></sup>gå   
sfz/p


II  | dei er så frekke der dei kaute går kringom, det er jentene der, og deira vilje, og deira makt, som plagar henne,


I  ei jente med

<sup>></sup>gå  
sfz/p



II for jentene i Bjørgvin dei veit kva dei vil, dei er ikkje til å spøkja med, seier ho og så seier ho at han må ikkje gå, han kan ikkje gjera det, ho ser han føre seg saman med ei anna jente,

I lyst langt hår, å så fælt, seier ho, å så fin og fæl ei jente, så lyshærd, og så blå i augo,

<sup>></sup>nei   
sfz/p

II  | ikkje svarthærd som henne, ikkje brunøygd som henne, å så fælt, seier Åsta og ho seier at nei, han kan ikkje gå

<sup>></sup>hår  
sfz/p

I  | gale <sup>></sup>skje   
sfz/p

II til Bjørgvin i dag, det kjem til å gå gale for dei då, noko gale kjem til å skje, han kjem til å bli borte, for alltid borte, ho kjenner det på seg, ho veit det, og det ho kjenner så sikkert, det ho veit så sikkert

I det må ho seia til han, og så tek ho han i handa og ho grip i handa hans og ho seier at han ikkje må gå frå henne, for då kjem ho aldri til å sjå han att,

II ikkje gå <sup>></sup>  
sfz/p

III og han seier at nei, han må gå til Bjørgvin i

IV må gå <sup>></sup>  
sfz/p

III dag, det er jo langt å gå helst, og i dag er vêret fint, det blæs ikkje, det regnar ikkje, ho kan jo berre sjå kor blenkjande stille fjorden ligg der, og skulle nokon koma og spørja kva han heiter, eller

IV berre sjå <sup>></sup>  
sfz/p

III kva ho heiter, så må ho seia at han heiter Olav og ho heiter Åsta, slik dei no har bestemt, og skulle det spørjast kvar dei kjem ifrå, så treng ho vel ikkje nettopp busa ut med at dei kjem frå Dylgja, heller,

IV gå <sup>></sup>  
sfz/p

I >  
[Vik] →

Fort

*sffz/p*

II og ho seier at ja vel, då kjem ho frå Vik, ho heiter Åsta og kjem frå Vik og difor er vel hennar fulle og heile namn Åsta Vik

III dei kjem frå ein plass utanfor Bjørgvin, nordanfor, som heiter Vik,

IV \_\_\_\_\_ | gä \_\_\_\_\_ →  
*sffz/p*

I — | Åsta [Vik] \_\_\_\_\_ →  
*sffz/p*

II \_\_\_\_\_ Olav [Vik] \_\_\_\_\_ →  
*sffz/p*

III \_\_\_\_\_ [Vik] →  
*sffz/p*

Fort

IV og han seier at ja, ja det er det, og hans heile og fulle namn det er Olav Vik. No heiter dei Åsta og Olav Vik, dei er gifte folk, og dei har sonen Sigvald Vik. Dei vart vigde i Vik kyrkje og sonen Sigvald

III \_\_\_\_\_ →

IV vart seinare døypt der og ringar det har dei enno ikkje fått seg, men det skal dei straks få seg, det må ho seia

( PAUSE )

SVAKT

I (hvisker) Ja vel  $\frac{3}{4}$  Olav Vik  $\frac{3}{4}$  Ja vel  $\frac{3}{4}$  Då  $\frac{3}{4}$  Ja vel  $\frac{3}{4}$  Ja vel

II (synger): Ja vel  $\frac{3}{4}$  Ja vel  $\frac{3}{4}$  Då  $\frac{3}{4}$  Ja vel  $\frac{3}{4}$  Ja vel

III (hvisker): Ja vel  $\frac{3}{4}$  Ja vel  $\frac{3}{4}$  Då  $\frac{3}{4}$  Ja vel  $\frac{3}{4}$  Ja vel

IV (synger): Ja vel  $\frac{3}{4}$  Ja vel  $\frac{3}{4}$  Då seier vi det,  $\frac{3}{4}$  Åsta Vik  $\frac{3}{4}$  Ja vel  $\frac{3}{4}$  Ja vel

(PAUSE)

I  $\frac{3}{4}$   $\frac{3}{4}$  så  $\frac{3}{4}$  ho  $\frac{3}{4}$  kjem  $\frac{3}{4}$

II (Tale): og så ser Åsta at han står der i døra og han smiler til henne og så lèt han kjapt att døra og så er ho åleine att, ho og vesle Sigvald, og ho kjenner på seg, som av heile seg, at ho aldri meir kjem til å

I  $\frac{3}{4}$  men han høyrer jo ikkje på henne, ho kan vel seia kva ho berre vil, men han høyrer så likevel ikkje på kva ho seier, og ho vil ikkje gå ut, , ho vil ikkje sjå han att for

II sjå Olav att  $\frac{3}{4}$  sjå  $\frac{3}{4}$  gå  $\frac{3}{4}$



I siste gong, siste gong ————— siste gong

II Fort sffz sffz/p

for no har ho sett mannen sin, kjærleiken sin, for siste gong, tenkjer ho, ho og vesle Sigvald er no toeine, og det skal dei no vera, frå no av er det berre dei to att, tenkjer Åsta

Fort

I og så byrjar vesle Sigvald å gråta og ho tek han opp og ho voggar han, ho står der med han mot brystet og ho voggar han att og fram og han græt og græt og ho voggar han att og fram og ikkje

II ho ————— ho

I gråta du, ikkje gråta du gode guten, seier ho, att og fram voggar ho han og ikkje gråta du gode guten, seier ho

II gråta du ————— du ————— du ————— du

sffz/p sffz/p sffz/p sffz/p sffz

*(Handwritten notes: sffz/p, sffz, sffz/p, sffz, sffz, sffz/p, sffz)*

Ruth Wilhelmine: (synjen)

ikkje gråta, ikkje bløta, ikkje sitja der i såta  
 ikkje nyta, ikkje syta, ikkje gjera noko du,  
 her i huset skal du bu,  
 her skal mor og vesle Sigvald bu,  
 her skal dei leva, her skal dei bu,  
 her skal dei streva

mor skal veva  
 og Sigvald skal ute på sjøen sveva  
 i båten sin  
 så ikkje gråta du ————— + Anders og Svein  
 alt blir god  
 og ein dag så kjem eit slott

+ Silje

I	Hvise ( <del>Sang</del> ): ein <del>dag</del>	så <del>kjem slottet</del>	så <del>kjem slottet</del> ( <del>kan</del> ): seier	og	( <del>slutt</del> ): sluttar <del>slutt</del>
II	SAMT ( <del>take</del> ): ein dag	så <del>kjem slottet</del>	så <del>kjem slottet</del> seier	og	sluttar gr <sup>o</sup> ta
III	Hvise ( <del>kan</del> ): ein	så	så ( <del>kan</del> ): seier ho	og Sigvald	( <del>take</del> ): sluttar
IV	Hvise ( <del>slutt</del> ): ein	så	så seier	og	sluttar



SCENE 8: HOLET

og Olav bykser til og karane som held grep i armene hans bykser òg til og så seier dei at no skal han snart liggja daud og urørleg slik ein som har drepe fortener å liggja, drap skal med drap møtast, han skal ikkje få sprella så mykje meir han nei, det skal no Meistermannen syta for, han kan slikt, Meistermannen, han er ein mann som er meister i å få slike som han til å slutta å sprella, seier dei, ut på Pynten skal han og ikring han skal mange samlast, mest alle som i Bjørgvin by bur skal då samlast og sjå han hanga der, heile folkesetnaden i Bjørgvin skal sjå han hanga der, og Olav klarer ikkje heilt å fylgja med og han sig ned på knea og dei dreg att og dei sleper han på knea bortover gata og det gjer vondt og han klarer å koma seg på beina att og så går dei atter jamt framover og så seier dei at no er dei straks framme og godt er det, så slepp dei å slepa lenger på denne slasken, når dei berre får sett han fast i Hølet og stengt døra skikkeleg att, så er dei kvitt han og dei går ned ei bratt trapp og då dei ned er komne og det så mørkt er at han mesta ingenting ser, så stansar dei, og så står dei heilt stille.

**Her skal du leva no, den tid du har att**

**Den tid du att har, skal du vera her**

**Og det er til pass**

**Slike som deg skal ikkje leva**

**Ein drepar som deg skal døy**

og Olav står der og så går dei to karane ut og han høyrer det klirra i nyklar og han høyrer døra bli låst att, alt er tomt og korkje glede eller sorg kan vel nå han og så lèt han eine handa gli bort på ein stein og steinen er våt og så famlar han seg fram til ein benk og så legg han seg ned og så ligg han der på benken og han ser framføre seg inn i tomme mørkret, og han er tom, så tom som det tommaste mørker er han, og han ligg der, berre ligg, han ligg og ligg og han lèt att augo og så kjenner han handa til Alida der på skuldra si og han snur seg og han legg armen sin kring henne og dreg henne inntil seg og han høyrer den jamne anden hennar og ho ligg der visst og søv og jamn er anden hennar og varm er kroppen hennar og han strekkjer ut handa og han kjenner at der ved sida av henne der ligg vesle Sigvald og han høyrer at han òg andar jamt og han legg handa over magen til Alida og heilt roleg ligg han der og han snur seg og han kjenner at han frys, og han er varm, og han frys og han er varm, han er kald og han sveittar, kjenner han og Alida, kvar er Alida, og vesle Sigvald, kvar er vesle Sigvald, og mørkt det er det, og alt er vått, han sveittar, og søv han eller er han vaken, og kvifor er han no her, kvifor må han vera her i Hòlet, og døra er låst, og Alida, skal han aldri meir få sjå Alida att, og vesle Sigvald, skal han aldri meir få sjå vesle Sigvald att, og kvifor er han her i Hòlet, og han er så varm, og han er så kald, og han søv, kanskje, han vaknar, kanskje, og har han vore her lenge, eller er han for nyss komen og han kvepp til for han høyrer steg og så høyrer han ein nykel i låsen og det er vel ikkje Meistermannen som no kjem for å henta han, nei han skal koma seg attende til Åsta og til vesle Sigvald, han, så ingen skal få leggja tau kring hans hals og hengja han opp, dei kan tru kva dei vil, men slik skal det aldri gå, tenkjer Olav og

han legg seg ned på benken og han ser framføre seg og så ser han at  
døra opnar seg og inn i Hòlet kjem ein mann, han er lut, samankrøkt,  
og han har ei grå huve på seg



↑ = pust ut    ↓ = pust inn    (sim. = simile (likt videre))

CRESCEUDO

SCENE 9 PP

f

I	Så	↑	↑	så der <sup>(sim.)</sup>	så der	så der har	så der har	så der har vi	så der har vi	dreparen	dreparen	dreparen
II	Så	↑	↑	så der	så der	så der har	så der har	så der har vi	så der har vi	dreparen	dreparen	dreparen
III	<del>Så</del>	<del>↑</del>	<del>↑</del>	<del>så der</del>	<del>så der</del>	<del>så der har</del>	<del>så der har</del>	<del>så der har vi</del>	<del>så der har vi</del>	<del>dreparen</del>	<del>dreparen</del>	<del>dreparen</del>
IV	Så	↑	↑	så der	så der	så der har	så der har	så der har vi	så der har vi	dreparen	dreparen	dreparen

III og så plirer Gamlingen mot han og så tek han fram som ein svart sekk og dreg han over hovudet sitt, og han blir ståande lenge slik i døra, og så tek han sekken av seg

Crescendo

I	såg	↑	↑	såg <sup>(sim.)</sup>	såg du	såg du, du	såg du, du	såg du, du Asle	såg du, du Asle	Eg	↑	↑	Eg <sup>(sim.)</sup>	Eg tenkte	Eg tenkte
II	såg	↑	↑	såg <sup>(sim.)</sup>	såg du	såg du, du	såg du, du	såg du, du Asle	såg du, du Asle	Eg	↑	↑	Eg <sup>(sim.)</sup>	Eg tenkte	Eg tenkte
III	såg	↑	↑	såg <sup>(sim.)</sup>	såg du	såg du, du	såg du, du	såg du, du Asle	såg du, du Asle	Eg	↑	↑	Eg <sup>(sim.)</sup>	Eg tenkte	Eg tenkte
IV	såg	↑	↑	såg <sup>(sim.)</sup>	såg du	såg du, du	såg du, du	såg du, du Asle	såg du, du Asle	Eg	↑	↑	Eg <sup>(sim.)</sup>	Eg tenkte	Eg tenkte

I (tale): Eg

kven Meistermannen er

kven

II (hviske): Eg tenkte at du skulle få vita kven eg er,

kven

kven Meistermannen er

III (tale): Eg

kven

kven Meistermannen er

IV (hviske): Eg tenkte at du skulle få vita kven eg er,

kven Meistermannen er

kven

IV Eg tenkte at du skulle få vita kven eg er, kven Meistermannen er og så snur Gamlingen seg og Olav høyrer han seia at no kan dei koma og så kjem dei to karane som førde han hit til Hølet og dei stiller seg opp, ein på kvar side

Crescendo

pp \_\_\_\_\_ f \_\_\_\_\_ PP

I	Så ↗	så	så	så	så	så var	så var	så var	så var	så var	så var	så var dagen	så var dagen	så
II	Så ↗	så	så	så	så	så var	så var	så var	så var	så var	så var	så var dagen	så var dagen	så
III		Så ↗	så	så	så	så	så	så var	så var	så var	så var	så var	så var dagen	så var dagen og timen komen
IV		Så ↗	så	så	så	så	så	så var	så var	så var	så var	så var	så var dagen	så var dagen og timen komen

pp \_\_\_\_\_ f \_\_\_\_\_ PP

pp \_\_\_\_\_ ff

I	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen
II	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen	No er Meistermannen komen
III	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her
IV	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her	No er eg her

pp \_\_\_\_\_ ff

vanlig tale

I	Reis deg	Gå	No skal Lova skje	Gå så	repeten
II	Gå så	Reis deg	Gå	No skal Lova skje	repeten
III	No skal Lova skje	Gå så	Reis deg	Gå	repeten
IV	Gå	Reis deg	Gå så	No skal Lova skje	repeten

I	No er tid	No er tid	Gå så	Gå så	Gå så	No er tid for rettferd	No er tid for rettferd komen	rep.
II	Før han til Pynten	Før han til Pynten	Før han til Pynten	Før han til Pynten	Gå så	Gå så	Gå så	rep.
III	No er tid for rettferd komen	No er tid for rettferd komen	Før han til Pynten	Før han til Pynten	Før han til Pynten	Før han til Pynten	Før han til Pynten	rep.
IV	Før han til Pynten	Før han til Pynten	No er tid	No er tid	No er tid	No er tid	No er tid	rep.

III : og så byrjar Gamlingen å gå med jamne lange steg bortover gata og han veiftar med den svarte sekken og dei to karane rykkjer til i armene til Olav og så går han der, mellom dei, og så ropar dei Meistermannen, Meistermannen er her, no skal rettferd skje, no skal dei døde få si oppreising, no skal dei døde få si rettferd, og Olav ser at det byrjar å samla seg folk rundt Gamlingen og rundt han sjølv

I	Koma, koma	No skal	No skal rettferd skje	på Pynten	rep.
II	No skal rettferd skje	rettferd skje	Koma, koma	Koma, koma	rep.
III	No skal rettferd skje på Pynten	No skal	Koma, koma	Koma, koma	rep.
IV	koma, koma no	No skal	rettferd skje	Koma, koma	rep.

III : og Olav ser at det alt er mange samla, eit heilt fylgje er han no del av og så høyrer han Alida seia at skal du ikkje snart vakna og han ser ho stå der på golvet og berre halvveges påkledd er ho og han reiser seg og der på golvet ser han vesle Sigvald krypa rundt og han er nesten heilt naken og han høyrer Gamlingen ropa koma, koma no og Olav kjenner at han frys, og han er varm, og alt er tomt og han lèt att augo og han går berre framover og han høyrer rop og skrik og skrål og ingenting finst vel lenger til, alt som no skal finnast til er svevet, inga glede, inga sorg, no er berre svevet att, det svevet han er, det svevet Alida er, tenkjer han

I	Eg er Asle	Du er Asle	Du din lygnar	Du er Asle
II	Du er Asle ja	Du din lygnar	Eg er Asle	Du er Asle
III	Du din lygnar	Du er Asle	Du er Asle	Du er Asle
IV	Du din lygnar	Du din lygnar	Eg er Asle	Du er Asle



I og Asle prøver å vera det han veit at han er, eit svev, og svevet det heiter Alida, og han vil berre sveva

II : No er vi til Pynten komne

SCENE 10

III : og Asle opnar augo og der, der framme, der står jo Alida og mot brystet held ho vesle Sigvald og ho voggar han, frå side til side:

Silje/Ruth: (Vuggesang)

berre sova du

berre sveva, berre leva

berre vera glede du

berre vera lengt og tru

berre vera, berre bu

I (hviskes): ho

II (hviskes): ho

III (hviskes): ho voggar vesle Sigvald

IV (hviskes): ho

att og fram att og fram

att og fram att og fram

att og fram att og fram

att og fram att og fram

så att og fram att og fram att og fram

så att og fram att og fram att og fram

så att og fram att og fram att og fram

så voggar ho Asle att og fram att og fram att og fram

Repete

NB noter

This music is copyright protected

vibrato sans

I ~~berre sova~~ du ~~berre sveva, berre leva~~ ~~berre vera glede du~~ ~~berre vera langt og tru~~ ~~berre vera, berre bu~~

vibrato sans

II ~~berre sova~~ du ~~berre sveva, berre leva~~ ~~berre vera glede du~~ ~~berre vera langt og tru~~ ~~berre vera, berre bu~~

II Asle ser fjorden han i dag blenkjer fjorden blått heilt stille er fjorden

IV Asle han er blenkjande blå, i dag heilt stille i dag

I/II

og der, bak Alida, der står jo Åsgaut og han vinkar til Asle og han spør om han heiter Asle eller Olav og om han er frå Dylgja eller frå Vik og så er der berre skrik og skral og så ser han Jenta koma springande og ho går bort til Alida og ho held armen med armbandet fram til Alida og så ser Jenta mot Asle og ho lyfter armen med armbandet i vêret og vinkar til han og bak Jenta, ser Asle Juvelaren koma gåande, sakte, i all sin stas, og like bak Juvelaren kjem Gamla gåande og ho flirer bak det lange tjukke gråe håret sitt og håret hennar kjem nærare og nærare og alt han kan sjå er det lange tjukke gråe håret hennar og han ser mange andlet, uendes mange andlet, men ingen han kjenner og

II

I ~~berre sova~~ du ~~berre sveva, berre leva~~ ~~berre vera glede du~~ ~~berre vera langt og tru~~ ~~berre vera, berre bu~~ :

II ~~berre sova~~ du ~~berre sveva, berre leva~~ ~~berre vera glede du~~ ~~berre vera langt og tru~~ ~~berre vera, berre bu~~ :

III kvar er Alida vorten av dei var der da kvar er dei no, kvar er vesle Sigvald vorten av han såg dei, :

IV kvar er vesle Sigvald vorten av han såg dei, dei var der da kvar er Alida vorten av kvar er dei, :

I \_\_\_\_\_

II \_\_\_\_\_

III \_\_\_\_\_

IV \_\_\_\_\_

III: og så blir ein svart sekk trekt over hovudet hans og så blir eit reip lagt om halsen hans og han høyrer skrik og skrål og han kjenner reipet mot halsen

IV: og så høyrer han Alida seia at der er du

C

I/II: (Synges)

*du gode guten min*

*du beste guten i verda*

*du er der*

*og eg er her*

*ikkje tenkja du, ikkje blenkja du*

*ikkje ottast du gode guten min*

III

og Asle er eit svev, han er eit svev og så svevar det bortover den blått blenkjande fjorden

IV

og Alida seier

III

og så svevar det bortover den blått blenkjande fjorden og oppover den blåe himmelen

IV

og Alida tek Asle i handa og så reiser han seg opp og så står han der og held Alida i handa

*sova du gode guten*

*du berre sveva*

*du berre leva*

*du berre spela*

*du gode guten*

